



REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET

Møtedato:	21.03.24	Stad:	Personalrommet på ØUS
		Rong	

Nytt frå rektor
Nytt frå FAU
Nytt frå elevar
Evaluering av Helseveke og Skuletur
Resultat frå Elevundersøkinga
Det psykososiale miljøet

Til stades			Til stades		
Namn		Rolle	Namn		Rolle
Synne Nordøy	m	politisk representant	Elias M Hellesøy	mf	elevrepresentant
Aina Haugetun	m	Andre tilsette	Tuva H Loftås	m	Elevårdformann
Anne D Torsvik	m	lærer	Guro Gunnarsen	m	FAU-leiar
Trine Omland	m	rektor	Vibeke/ Robin Dale Oen	mf	FAU representant

NR	SAK	Aksjon
1	Godkjenning av innkalling og referat	
	Godkjent	
2	Revisjon av handlingsplan mot mobbing	
	Plan for elevane sitt psykososiale skulemiljø vart revidert og vert oppdatert.	



3	Planlegge haldningsskapande føresette- og elevkveld i veke 35	
	<p>Tema: Samfunn med MOT Mot til å bry seg, Mot til å leve, Mot til å sei nei.</p> <p>Idemyldring:</p> <p>Elevar: Elevar ha stands der dei presenterar for føresette korleis ein kan nytte sosiale medier på godt og vondt: Shipping, Tik Tok, Snapchat, Messenger, SMS, Facebook mm.</p> <p>FAU: Førebu dialogspel/problemstillingar som vaksne i klassane kan reflektere rundt. Kanskje verte sams om eitt par tiltak for samhandling mellom føresette som skal gjelde i den einskilde klasse?</p> <p>Skule: Presentere funn om skulemiljø, Invitere Politi, senterleiing, MOT, Barnevakt? Trygg i fellesskap.</p> <p>Vi vil ha dette som hovudtema på SU-møte 21.mai</p>	
4	Sakar frå elevar (elevråd)	
	<ul style="list-style-type: none">a) Elevar ønskjer ei endring på timeplan. Kort dag fredag og lang dag tysdag.b) Variasjon mellom praktiske og teoretiske fag kvar dag. Dagar med 5 timar teori er långe for mange.c) Det er kommen eit innspel om at ein ønskjer nye stolar i fellessal, og gjerne også ein sofa.d) Det er eit ønskje frå elevar at ein i større grad vekslar på samansetninga på mellomgrupper kvart år. Dette meiner elevar vil føre til meir inkludering og at ein vert betre kjend med alle på trinnet. Då får ein også byte på lærarar, dette er også eit uttrykt ynskje.e) Busskur. Etterlyse kva som er status for fjorårets søknad frå elevrådet før møtet 21.maif) Elevar ynskjer å ha høve til å nytte mobiltelefon i storefri til å betale med Applepay og liknande i	<ul style="list-style-type: none">a) Det er ikkje mogleg å endre start og slutt på skuledagar for neste skuleår no grunna skuleskyss. Vi skal ha med innspel frå elevar når ein planlegg skuleåret 2025/26b) Dette innspelet vil vi ha med inn i timeplanlegging for neste skuleår.c) Dette er det truleg ikkje økonomi til.



	<p>kantina. I tillegg ynskjer dei at dei får nytte mobil i undervisning.</p>	<p>Sofa ønskjer vi ikkje i fellessal grunna gris. d) Interessant. Dette innspelet tek vi med oss i planlegging av nytt skuleår. e) Rektor etterlysar status. f) Det er kort og kontakter som er betalingsmedel i kantina. Det er som hovudregel ikkje lov å nytte mobil i skuletid</p>
	<p>Nytt frå rektor</p>	
	<p>a) Dembra – vi har hatt møte med Dembra på skulen og ønskjer kanskje eitt samarbeid med Dembra neste skuleår for å førebyggje og motverke diskriminering, rasisme, trakassering og utanforskap og fremme demokratiforståing og inkludering på skulen. b) Skuletur for 10.trinn neste skuleår. Truleg tre dagar på hausten med to overnattingar. Demokrati og medborgarskap er overordna tema for skuleturar. c) Møte for føresette nye 8.trinn var måndag 18.mars. Godt frammøte. 69 elevar kjem neste år. 63 stolar var i bruk på måndag. Det er med andre ord høgt engasjement frå føresette i skulekrinsen vår. FAU-leiar vil delta på neste foreldremøte 11.juni og fortelje om FAU sitt arbeid.</p>	<p>a)Skulen vil ta endeleg stilling til dette før 21.mai.</p>
	<p>Saker frå FAU</p>	
	<p>a) FAU-leiar vil delta på neste foreldremøte for nye 8.trinn 11.juni og fortelje litt om FAU sitt arbeid på ungdomsskulen. b) FAU vil prøve å skaffe vakter (helst opp mot 40 vaksne) til Nattcup for aldersgruppa 13-17 natt til 1.mai</p>	<p>b) Rektor på ØUS sender ut skjema med påmelding på vegne av FAU. Frist påmelding vert sett til 27.mars.</p>
	<p>Eventuelt</p>	



Øygarden Ungdomsskule
Øygarden Kommune

	Det psykososiale miljøet på skulen (elevar er ikkje tilstade på denne delen av møtet)	
	Ikkje referatført	

Referent: Trine Omland